



Ungdomsrådet

Referanser:

Dykkar:
Vår: 22/193 - 22/4101

Saksbehandlar:

Ann Kristin Bolstad
ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no

Dato:

08.04.2022

Referat frå møte i ungdomsrådet i Vaksdal 21. mars 2022

Til stades: Regine Kydland (leiar), Emma Bolstad Farestveit (nestleiar) Vegard Gullbrå Tollefsen, , Jenny Solhaug, Sigrid Tvedt, Ina Pettersen, Eivin Berntzen Bolstad (vara for Nathalie Angelica Mo Lilletvedt), Kevin Kydland (observatør)

Frå administrasjonen møtte Trond Olav Magnussen (miljøarbeidar barn og unge) og Ann Kristin Bolstad (kommunalsjef oppvekst og kultur)

Saksliste:

08/2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent med innspel om ei tilleggssak om val av 1. og 2. vararepresentant i ungdomsrådet. Tilleggssaka vert sett opp som sak 13/2022.

09/2022

Godkjenning av referat frå møte 16. februar 2022

Referatet vart godkjent.

10/2022

Gjennomgang av saklista til Fylkesting for ungdom

Jenny Solhaug, Sigrid Tvedt og Nathalie Angelica Mo Lilletvedt skal delta på FFU. Jenny og Sigrid er deltakarar, medan Nathalie er observatør. Kommunalsjef gjekk gjennom saksliste og sakspapir til fylkestinget.

11/2022

Arrangement på Slice og ev. innspel til andre arrangement/tilskot

Ungdomsrådet ynskjer saman med Slice å arrangera Slice olympics. Forslag til datoar er 22. april og 29. april.

Aldersgrensa for arrangementet er 10. klasse til og med 3. klasse på vidaregåande skule. Arrangementet skal vera rusfritt.

Det er ynskjeleg at det vert servert mat og drikke, og at det vert kjøpt inn premiar til konkurransane.

Regine og Eivin tek kontakt med Slice for å planlegge arrangementet saman med dei.

12/2022

Planlegging av møte med ungdomsklubbane i Vaksdal

Ungdomsrådet ynskjer invitera ungdomsklubbane til møte i april.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00

Konto

Org.nr. 961 821 967

Leiar og nestleiar frå dei fire ungdomsklubbane vert invitert til møte 20. april 2022, kl. 1630.
Saker til møte:

- Datoliste til arrangement for hausten 2022. Den enkelte ungdomsklubb må setje opp forslag før møte.
- Ideutveksling om ulike arrangement ungdomsklubbane har planlagt eller ynskjer å planlegge for.
- Informasjon om ulike avtalar vi har
- Andre saker ungdomsklubbane ynskjer å ta opp

Kommunalsjef sender ut invitasjon til møte.

13/2022

Val av 1. og 2. varamedlem i ungdomsrådet i Vaksdal

Kevin Kydland er valt inn som vararepresentant for Regine Kydland og Eivin Bernzen Bolstad er valt inn som vararepresentant for Emma Bolstad Farestveit. Om andre enn Regine og Emma melder forfall har ungdomsrådet valt at varamedlem Kevin og Eivin kan vera vararepresentant som følgjer:

1. varamedlem Eivin Bernzen Bolstad
2. varamedlem Kevin Kydland

Med helsing

Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef oppvekst og kultur

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakarar:
Ungdomsrådet